

Gol kommune Møteprotokoll Kontrollutvalet

Møtedato: 23.11.2012
Møtestad: Kommunehuset KI 9.00-10.00
Handsama saker: 20-21/12

Innkalling til:

Funksjon:	Namn:	Forfall:	Møtte for:
Leder	Tore Ness		
Nestleder	Kari Birgit Møllerplass		
Medlem	Jan Erik Svingen		

Andre til stades i møtet:

Kommunerevisjon IKS: Turid Berglund Ekeberg

Underskrifter:

Tore Ness

Kari Birgit Møllerplass

Jan Erik Svingen

Møteprotokollen vert sendt utvalsmedlemmane, møtande varamedlemmar, Gol kommune og ordførar.

Saksoversikt:

Sak 20/2012 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Sak 21/2012 Forvaltningsrevisjon: Turnuspraksis i omsorgsavdelinga

Når ikkje anna er oppgjeve nedanfor er vedtaka samrøystes.

20/12 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Arkiv: Gol kommune/Kontrollutval/2012/1123

Sakshandsamar: Utvalsleiar

Saksgang	Møtedato	Sak nr
1. Kontrollutvalet	23.11.12	20/12

Saka vert avgjort av:

Kontrollutvalet

Dokument i saka:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.10.12 .

Protokoll frå fellesmøte for kontrollutvala i Hallingdal 25.10.12.

Framlegg til vedtak:

Protokollane frå møte i kontrollutvalet 25.10.12 og frå fellesmøtet for kontrollutvala i Hallingdal 25.10.12 vert godkjent.

Frå handsaminga:

Ingen merknader til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Protokollane frå møte i kontrollutvalet 25.10.12 og frå fellesmøtet for kontrollutvala i Hallingdal 25.10.12 vert godkjent.

21/12 Forvaltningsrevisjon: Turnuspraksis i omsorgsavdelinga

Arkiv: Gol kommune/Kontrollutval/2012/1123

Saksbehandler: Utvalslerar

Saksgang	Møtedato	Sak nr
1. Kontrollutvalet	23.11.12	21/12

Saka vert avgjort av:

Kontrollutvalet.

Dokument i saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Saka bygger på informasjon i overordna analyse og innspel til kontrollutvalet frå andre kjelder.

Stikkord:

- Hol i turnus
- Kunnskap om avtaleverket
- Bruk av vikar og overtid

Vurdering:

Ingen – vert gjort i møtet.

Framlegg til vedtak:

Ingen - vert formulert i møtet.

Frå handsaminga:

Medlem Jan Erik Svingen ba utvalet vurdere om han er inhabil som sambuar med hovduttillitsvald i eininga. Utvalet vurderte habiliteten og kom til at han ikkje er inhabil i denne saka.

Kontrollutvalet drøfta saka og meiner det bør gjennomførast forvaltningsrevisjon av turnuspraksisen i pleie- og omsorgsavdelinga. Undersøkinga skal omfatte ei overordna kartlegging og vurdering av system og rutiner for turnusplanlegging og gjennomføring av turnusplan, med særleg merksemd på tildeling av ekstravakter og andre vakter som medfører overtidsbetaling.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber Kommunerevisjon IKS gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av turnuspraksisen i pleie- og omsorgsavdelinga som omfatter ei overordna kartlegging og vurdering av system og rutiner for turnusplanlegging og gjennomføring av turnusplan, med særleg merksemd på tildeling av ekstravakter og andre vakter som medfører overtidsbetaling.